

Landbruksdepartementet
Postboks 8007 Dep

0030 Oslo

Landbruksdepartementet	
Saksnr.: 2003	Doknr.: 100670 - 50
Mottatt: 29 APR 2003	
Ordsaksnr.: MH/MAT/RIG	Arkiv: 008
Kopi:	Avskr.:

SND

Deres ref.:
03/670 AMH/RIG

Vår ref.:
2003/004528
KB

Oslo, 25. april 2003

Ved skriftlig henvendelse, oppgi vår ref.: 2003/004528

FORENKLA FINANSIERING AV MATFORVALTNINGA - HØYRING

Vi viser til Dykkar brev av 21.03.2003.


SND har som målsetjing å medverke til etablering av lønnsomme bedrifter. SNDs bidrag er både i form av økonomiske verkemiddel og kompetanse.


SND har ikkje særskilte merknader til prinsippa for finansiering eller vurdering av korleis dei dei ulike oppgavene skal finansierast. SND meiner likevel at omlegginga ikkje bør føre til større kostnader for verksemdene.

SND er operatør av Verdiskaping mat. Programmet har fokus på utvida tilbod av kvalitetsmat med særpreg. Mange av bedriftene er små og har store utfordringar med omsyn til lønsemd. Det er derfor viktig at dei små verksemdene ikkje får høgare kostnader korkje til gebyr, avgifter og evt. arbeid med innkreving av avgifter.

SND tok i 2002 initiativ til ei brukarundersøking for å kartleggje flaskehalsar innan småskala næringsmiddelproduksjon. I den samanheng vil SND særleg trekkje fram og understreke Mattilsynets rolle knytta til *informasjon og rettleiing om regelverket*. Regelverket er i mange tilfelle komplisert, og Mattilsynet både bør og skal vere ein viktig samarbeidspartnar for bedriftene. Mattilsynet må så langt som mogleg også bistå enkeltbedrifter, slik at rettleiing ikkje berre skjer på generelt grunnlag. Det må vidare leggjast vekt på at denne funksjonen blir så einsarta og kundeorientert som mogleg. SND meiner også det er viktig at deler av kostnadane vert dekkja over Mattilsynets ordinære driftsbudsjett.

Med vennleg helsing
Statens nærings- og distriktsutviklingsfond


Roar Tobro
div.dir


Kjell Bruvoll
soussjef